



EID KOMMUNE

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I EID KOMMUNE

Vedteke: Driftsutvalet

Sak: 022/14

Dato: 24.04.2014

Punkt 3 og 8 er endra frå 01.02.2019

Skulefritidsordninga er regulert i opplæringslova § 13-7:

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skoletid for 1.-4. årstrinn, og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår. Areal, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

1 Eigarforhold

Eid kommune eig og driv skulefritidsordningane (SFO) ved grunnskulane i Eid. Tilbodet vert finansiert gjennom kommunal eigenfinansiering og foreldrebetaling. Rektor har opptaksmynde og er SFO sin øvste leiar.

2 Opptakskriterium

I Eid kommune har alle elevane i 1.- 4. klasse og elevar med særskilde behov i 1.-7. klasse rett til plass i SFO.

3 Opptaksperiode og oppseiing av SFO- plassen

Ein søker om plass for kvart skuleår på Eid kommune si heimeside - www.eid.kommune.no - Elektroniske skjema.

Søknadsfrist er 1. august, for å vere sikra plass til skulestart. Det er likevel høve til å søkje om plass i skuleåret. Ein kan då starte på SFO 3 veker etter innsendt søknad.

Oppseiingstida er 2 månader med oppseiingsdatoar den 1. og 15. Plassen må betalast i oppseiingstida.



4 Foreldrebetaling

Betalingssetningane vert årleg fastsette av kommunestyret.

Det er tre ulike satsar utifrå tidsbruk for fast opphald:

a) Inntil 8 t/v b) Inntil 14 t/v c) Over 14 t/v

Kjøp av ekstratimar har fast timepris.

Betalingsfrist for deltaking i SFO er den 20. i kvar månad. Det er betalingsfri i juli, og halv pris i juni og august.

Kommunale betalingsvilkår gjeld for foreldrebetalinga.

Dersom foreldrebetalinga har stått til forfall i to månader, vert dette rekna som oppseiingstid, og barnet kan misse plassen.

Varsel om at plassen kan verte oppsagt, vert sendt etter ein månad. Når det har gått to månader, vil rektor ta kontakt om at krav er forfalle. Etter reglane kan SFO-plassen då seiast opp.

Driftsutvalet er klageinstans.

5 Leike- og opphaldsareal

SFO må ha leike- og opphaldsareal, ute og inne, eigna aldersgruppa og aktivitetane. Alle barn skal ha gode utviklingsvilkår.

6 Dagleg opphaldstid og årleg opningstid

I Eid kommune er SFO open kvar dag mellom kl. 07.30 – 16.30.

Den årlege ordinære opningstida følgjer skuleruta for grunnskulen.

Ved organisering av SFO, må minst seks elevar vere påmelde ordninga ved den enkelte skule. For tidsrommet kl. 07.30 til skulestart, må det vere minst fire elevar for å kunne gi tilbodet.



7 Bemanning og leing

Til vanleg skal bemanninga i SFO vere:

6 – 18 elevar:	Ein tilsett
19 – 36 elevar:	To tilsette
37 – 54 elevar:	Tre tilsette
Meir enn 54 elevar:	Fire tilsette

Dette er ei minimumsbemanning. Dersom det oppstår ekstra behov, må ein vurdere dette særskilt.

Rektor er leiar for SFO, og har det overordna administrative, økonomiske og pedagogiske ansvaret. Når det er over 30 påmelde ved SFO, kan det tilsetjast dagleg leiar, fortrinnsvis med pedagogisk utdanning. Rektor kan delegerere myndigheit til leiaren, men er likevel SFO sin øvste leiar.

SFO-leiar har møte-, tale- og forslagsrett i Samarbeidsutvalet i saker som gjeld SFO.

8 SFO-tilbod i skuleferiar

Ved behov kan Nordfjordeid skule ha tilbod om SFO i feriar. Dette tilbodet gjeld ei veke før skulestart i august og onsdag, torsdag og fredag både i haust- og vinterferien.

SFO er open kl. 07.30 – 15.30 i feriar, *men det må vere minst seks påmelde kvar dag.*

Det er egne betalingssatsar for SFO-tilbod i skuleferiar.

Påmeldingsskjema med gjeldande betalingssatsar ligg på Eid kommune si heimeside – www.eid.kommune.no - *Elektroniske skjema – Barnehage og SFO – Papirskjema.*

Fristen for påmelding er tre veker før kvart ferieopphald. Påmeldinga er bindande.



EID KOMMUNE

